

**Fra:** Ronny Bjørnar Skaar (Ronny.Bjornar.Skaar@vlfk.no)

**Sendt:** 31.03.2020 12:56:11

**Til:** Tone Stedal Haugland

**Kopi:**

**Emne:** VS: status frå det vestnorske

**Vedlegg:**

---

**Fra:** Solrun Toft Iversen <[solrun@detvestnorsketeteateret.no](mailto:solrun@detvestnorsketeteateret.no)>

**Sendt:** tirsdag 24. mars 2020 16:12

**Til:** Stian Jean Opedal Davies <[Stian.Jean.Opedal.Davies@vlfk.no](mailto:Stian.Jean.Opedal.Davies@vlfk.no)>; Per Morten Ekerhovd <[Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no](mailto:Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no)>

**Kopi:** Atle Marøyen <[atle@detvestnorsketeteateret.no](mailto:atle@detvestnorsketeteateret.no)>

**Emne:** status frå det vestnorske

Gode Stian og Per Morten

Etter ein fin samtale med Stian i dag sender eg no ein liten status frå oss.

### **Det Vestnorske permitterer dei fleste 50 eller 100% frå 8. april**

Det er ein tung dag for oss av di vi i dag sender frå oss ei rekke permitteringsvarsel. Vi har som alle andre vore i krisemodus dei to siste vekene, og har fokusert mykje på å minimere skadane ved å lukke ned. Og ikkje minst har vi kjent på kor tøft det er når heile samfunnet lukkar ned og vi ikkje kan gjere den jobben for fellesskapet som elles driv og motiverer oss.

### **Økonomiske følgjer av koronatiltaka**

Då vi lukka ned hadde vi 3500 selde billettar til Heim 3 som allereie var betalte. Desse måtte refunderast. I tillegg kjem om lag 3000 vi hadde rekna med å selje dei resterande vekene. Vi tok kontakt med kvar enkelt av våre publikummarar som hadde tinga billettane og spurde om dei ville ha pengar tilbake eller om dei kunne tenke seg å ha opplevinga til gode. Fleire valte det siste og så langt kan vi konstatere at dette har tilført likviditeten vår oppunder 350 000. Nokre publikummarar har også avstått heilt frå refusjon og støttar teateret sin økonomi på den måten.

Vi hadde også idet tiltaka kom frå regjeringa selt 3200 billettar til Oppdrag Mottro på turne. Her hadde vi rekna med å kunne selje omkring 1500 til. Alle desse framsyningane vart avlyst, men vi greidde å avgrense skada ved å flytte turnéen eit år fram.

DKS turneen vår, «Alt er lov» var på dette tidspunktet nesten ferdigspelt.

I reine kroner som stod på bok har vi tapt 1,4 millionar fram til påske. Om ein reknar med det forventa salet så er det nok nærare 2 millionar.

Dersom vi må avlyse «Svar på brev frå Helga» og «Atter ein konge», samt turneen «Morgon og kveld» på forsommaren vil forventa tap vere 2, 7 millionar.

For Det Vestnorske Teateret er situasjonen prekær av di vi baserer heile 37 prosent av vår produksjonsøkonomi på eigeninntekter. Vi er glad for at Hordaland Fylkeskommune har løfta teateret med ein million i driftsstønad.

Utover det, er det teateret si eigen stå på vilje og ambisjon som har gjort det mogeleg å få til ei så eksplosiv volum og breiddeauke i repertoar og publikum. Dette gjer oss sårbare. Vår offensive strategi eksponerer oss enormt for fråfall av billettinntekter. Her er dette vesle teateret på mange måtar i særstilling. Vi har vore modige – men ikkje minst har vi vekse i kraft av publikum si støtte til og interesse for oss.

### **Tiltak for å redde haustens repertoar**

Vi jobbar no for å kunne starte opp offensivt til hausten kor vi har fem produksjonar på repertoaret. Ein av desse er ei gjenopptaking av Heim 3 som jo er eit stort ønske frå publikum. Vi vil gjere alt vi kan for å ta vare på dei prosjekta vi har igongsatt og riggar no heile organisasjonen til slik at vi kan starte for fullt i juli og dermed få til ein tidleg og god start på haustsesongen sjølv om vi no mister verdifulle dagar og framdrift. Ingen veit om den prognosa held. Det kjem heilt an på korleis smitta utviklar seg. Denne usikkerheita lever vi alle med i desse dagar, og vi må kvar og ein legge gode planar for ulike scenario. For vår del er vi sjølvsagt glade om vi får starte opp før sommaren, men vi reknar ikkje med det.

Skulle vi få ytterlegare avlysingar vil det få kritiske utslag på repertoaret framover og vi vil måtte gå regress i

utviklinga vår.

### **Økonomisk støtte frå Fylkeskommunen?**

Det Vestnorske fell utanfor dei krisepakker som inntil no er presenterte, sjølv om eg rett nok må innrømme at eg kjenner ein stor etisk avlastning i kraft av krisepakka til frilansarane. Det gjer det lettare for oss å terminere kontraktar og ivareta teateret. Eg trur det er viktigare enn nokonsinne at institusjonane står der vitale og klare når vi får opna samfunnet att. Vi har ei stor rolle å spele i å bygge opp att det sosiale fellesskapet, i å bearbeide det vi no går igjennom og i å sysselsette kunstnarane og gje dei plattformane sine tilbake.

Uansett korleis denne utviklinga går, so vil teateret måtte ta eit økonomisk tap. Førebels kan det vere so mykje som 2,77 mill. kroner. Atle har i dialog med Ronny fått forståing av at det kan vere midlar i fylkeskommunen som ikkje vert nytta sidan mange prosjekt vert sett på hold. Er det planar for om ein kan søkje på desse for å dekke opp tap som tilskottspartnarane har som følge av nedstenginga?

Eg takkar for den støtta eg opplever frå dykk. Det gjer verkeleg ein forskjell i ei tid som verkar både uoversiktleg og krevjande.

Med beste helsing

Solrun Toft Iversen

Teatersjef



Det Vestnorske Teateret AS | Vitjings- og postadresse | Teatergaten 35 | 5010 Bergen

Tel 55 22 20 20 | Mob 952 95 876 | [www.detvestnorsketeateret.no](http://www.detvestnorsketeateret.no)

Følg oss på | Facebook | Instagram